



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Mari Katrine Berg, 5557 2326

Vår dato  
20.04.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/6317 471  
Dykkar referanse

GBS Entreprenør AS  
Hardangerfjordvegen 601  
5610 ØYSTESE

### Rapport frå inspeksjon ved GBS Entreprenør AS 13. april 2016

Rapportnummer: 2016.007.I.FMHO

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Bjørn Øyri  
Tor Bjarte Børven

*Frå Fylkesmannen i Hordaland:*

Mari Katrine Berg  
Nina Vadøy

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at den er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Internkontroll
- Løyvet

Avvika er nærare omtalt frå side 4 og utover.

GBS Entreprenør AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. september 2016** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

Nina Vadøy  
overingeniør

Mari Katrine Berg  
overingeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Kvam Herad

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> GBS Entreprenør AS	<b>Risikoklasse:</b> 4
<b>Besøksadresse:</b> Sjusetevegen 91B, 5610 Øystese	
<b>Postadresse:</b> Hardangerfjordvegen 601, 5610 Øystese	
<b>E-post:</b> post@gbs-entreprenor.no	<b>Telefon:</b> 56 55 15 52
<b>Kommune:</b> Kvam	<b>Organisasjonsnr.:</b> 972140155
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 43.120 Grunnarbeid	<b>Eigar (org.nr.):</b> 976926250
<b>Løyve sist oppdatert:</b> 18.11.2014	<b>Siste tilsyn:</b> -

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. GBS Entreprenør AS fekk løyve til mottak, mellomlagring og handsaming av betong og asfalt april 2014, og løyvet vart endra etter vedtak frå Miljødirektoratet november 2014. Fylkesmannen fører tilsyn med alle anlegg med løyve basert på eit tilsynsintervall knytt til risikoklassen. Dette var første tilsyn etter at verksemda fekk løyvet.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Vilkår i løyvet av 23. april 2014 med seinare endringar
- Utslepp til ytre miljø
- Handtering av avfall og farleg avfall
- Internkontroll – risikovurdering, avvikshandtering og skriftlege rutinar for ytre miljø

## 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon. Tilbakemeldinga må sendast innan **1. september 2016**.

### Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan **1. september 2016**, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må verksemda betale tvangsmulka. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 10 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

## 4. Kontrollgebyr

GBS Entreprenør AS skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 4. Dette betyr at de skal betale 4 800 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

## 5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

## 6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 23. april 2014 med seinare endringar

Informasjon om regelverket finn de på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

### Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

## **Avvik 1: Verksemda har manglar knytt til internkontrollen**

### **Avvik frå:**

- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6, 7 og 8
- Løyvet av 23. april 2014 punkt 3.3 Journalføring

### **Kommentar til regelverket:**

#### *Risikokartlegging*

Verksemda skal kartleggje og vurdere risiko for påverknad på ytre miljø. På bakgrunn av kartlegginga må det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risiko der det er naudsynt. Dette skal vere skriftleg.

#### *Skriftlege rutinar og avvikssystem*

Verksemda må ha rutinar for å avdekka, retta opp og førebyggja brot på miljøregelverket. Dette inneber mellom anna å ha eit aktivt avvikssystem. Skriftlege rutinar bidreg til å sikre at alle ledd i ein organisasjon sit med same informasjon.

### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

#### *Risikokartlegging*

Verksemda hadde ved tilsynet vurdert risiko knytt til nokre av aktivitetane på anlegget, men fleire hendingar eller aktivitetar var ikkje vurdert. Dette gjaldt til dømes:

- Utslepp til grunn og vatn
- Mottak av betong og asfalt
- Gjenbruk av betong og asfalt
- Støy og støv ved knusing av asfalt og betong

Lista er ikkje uttømmende.

I dagane etter tilsynet har verksemda oppdatert og sendt inn plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø og kvalitetssikring, som mellom anna inneheld ein revidert miljørisikoanalyse med handlingsplan.

#### *Skriftlege rutinar og avvikssystem*

Det vart informert om at informasjon knytt til t.d. mottak av betong vert formidla munnleg til enkeltpersonar eller i personalmøter. Verksemda kunne ikkje vise til skriftlege rutinar for mottakskontrollen.

Verksemda har etablert eit avvikssystem, men har ikkje rapportert avvik knytt til aktiviteten på Sjusetevegen 91B. Under inspeksjonen kom det fram fleire døme på avvik som ikkje var registrert. Dette tyder på at avvikssystemet ikkje vert brukt aktivt.

#### *Skriftleg dokumentasjon knytt til mottak og levering av avfall*

Verksemda fører journal over avfallet dei tek imot. Journalen inneheld ein kolonne for tilvising til dokumentasjon på at avfallet er reint, men denne kolonnen var ikkje fylt ut.

Verksemda leiger avfallskonteinrar av Jan Mo AS. Det vart opplyst at Jan Mo AS leverer næringsavfallet, t.d. armeringsjern, til lovleg avfallsanlegg. Verksemda hadde ikkje dokumentasjon på dette.

## **Avvik 2: Anlegget er ikkje fysisk avsperra**

### **Avvik frå:**

- Løyvet av 23. april 2014 punkt 1.1 Utforming av anlegget

### **Kommentar til regelverket:**

I løyvet går det fram at handtering og lagring av avfall skal skje på område som er fysisk avsperra slik at ikkje uvedkommande kan komme inn på området.

### **Avviket er basert på følgande observasjonar:**

Anleggsområdet er stengd av med ein elektrisk bom som er open mellom kl. 06.30 og 16.00 på kvardagar. Anlegget er ikkje utilgjengeleg for gåande. Verksemda har vurdert den elektriske bommen som tilstrekkeleg avsperring, men vurderinga er ikkje gjort skriftleg.

Dersom GBS Entreprenør AS ønskjer endringar i vilkår i løyvet, må verksemda sende inn søknad.

## **8. Merknader**

Vi har ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

## **9. Andre forhold**

### *Om anlegget*

GBS Entreprenør AS har vore i drift sidan 1996, og er i dag omkring 30 tilsette. Av desse er det i hovudsak éin som arbeider med og har oversikt over aktiviteten i Sjusetevegen 91B. Løyvet til avfallsanlegget vert brukt i hovudsak for å kunne mellomlagre og nytte reint betong- og asfaltavfall frå eige entreprenørverksemd. Per april 2016 har dei berre knust asfalt ein gong, i ein periode på tre dagar.

### *Oljeutskillaren i Hardangerfjordvegen*

Verksemdas hovudkontor ligg i Hardangerfjordvegen 601 i Øystese. På denne lokaliteten er det ein oljeutskillar som er kopla til eit sluk inne i verkstadhallen, og to sluk ute på gardsplassen på anlegget på same adresse. Verksemda har ikkje rutinar for kontroll og tøming av utskillaren, og det vart informert at utskillaren truleg ikkje er tømd på fleire år. Vaskeprodukt som vert brukt i samband med oljeutskillaren er heller ikkje vurdert for om dei påverkar effekten til utskillaren.

### *Nyttig bruk av betong*

For å kunne bruke betongavfall til nyttig formål utan løyve frå forureiningsmynde må det vere gjennomført ei tilstrekkeleg miljøkartlegging før riving av bygg eller konstruksjon, jf. faktaark M14-2013 Disponering av betongavfall. Forslag om nytt regelverk knytt til attvinning av betong- og teglavfall er nett sendt til Klima- og miljødepartementet, sjå meir på Miljødirektoratet sine sider:

<http://www.miljodirektoratet.no/Custom/Views/Pages/StandardPageTemplate.aspx?id=22584&epslanguage=no>